

# **Utviklingstrekk og utfordringar for Vågå kommune.**

## **Drøftingsdokument for kommunal planstrategi 2020-2024**

### **Innhald**

Folketal og demografi.....	2
Barnehage .....	2
Skule .....	2
Innvandring og flyktninger .....	3
Helse.....	3
Eldre.....	4
Fysisk (in)aktivitet.....	4
Kompetanse.....	5
Kultur .....	5
Plan.....	6
Kommunale veger .....	8
Vatn- og avløp .....	9
Kommunale bygg.....	9
Næring .....	9
Reiseliv og natur .....	10
Klima- og miljø.....	10
Landbruk.....	11
Samfunnssikkerheit og beredskap .....	11

## Folketal og demografi

Folketal og demografi er ei utfordring for Vågå kommune som gjennom fleire år har hatt ein gradvis nedgang i folketal. Per 1. januar 2019 er det 3583 innbyggjarar i Vågå kommune. Det var 552 færre innbyggjarar per 1. januar i 2019 enn i 1985. Berre frå 1. januar 2016 og til 1. januar 2019 har folketalet gått ned med 81 personar. Det blir født færre ungar og dei siste åra har det i snitt blitt født 30 stk. i året, medan det i snitt dør nesten dobbelt så mange. Vågå kommune er difor avhengig av tilflytting for å unngå befolkningsnedgang. Vågå kommune har hatt positiv nettotilflytting i fleire år, med unntak av nokre år.

Basert på middels vekst er det forventa at samla folketal er stort sett uendra i 2030. Dette skuldast at folk lever stadig lengre og Vågå kommune får difor stadig fleire eldre og færre unge innbyggjarar. Dette er utfordrande for kommunen på fleire område, men ei trend som er vanskeleg å snu ettersom samla fruktbarhetstal for Noreg er på 1,56 barn per kvinne. For innlandet er dette talet endra lågare, berre 1,51. Dette er det lågaste talet som nokon sinne er målt. For at folketalet skal oppretthaldast må fruktbarhetstalet vere på 2,1. Vågå kommune og landet elles må tilpasse seg endringar i demografien. Det betyr at Vågå kommune må ta innover seg at befolkningssamusetninga endrar seg naturleg. Direkte vil dette bety at ressursar må skyvast tilsvarende.

## Barnehage

Låge fødselstal over tid verkar inn på barnehage og skule og det har dei siste åra blitt lagt ned to kommunale barnehagar, Sjårdalen og Tessand barnehage. Til tross for dette har Vågå kommune god barnehagedekning. I barnehagane er det løpende inntak gjennom året. Dette gir eit godt servicetilbod til innbyggjarane våre med tanke på fleksibilitet, og ikkje minst med tanke på å vera ein tilflyttingsvenleg kommune. På den andre sida gir det lite forutsigbarheit for barnehagane og kva bemanning dei treng gjennom året.

## Skule

Låge fødselstal verker også inn på talet på elevar i skulen. Elevtalet i 1.-7 steg i Vågåmo og på Lalm vil gå ned med 97 stk. fram til 2025. Frå og med 2022 vil det vere plass til alle skuleelevarane ved Vågåmo skule dersom prognosen held fram. Skulane i Vågå slit med å skaffe vikarar som kan stille på kort varsel, og det kan til tider vere store utfordringar med å få til ein tilfredsstillande skulekvardag. Vidare er det eit stadig aukande behov for kompetanse til å møte psykiske utfordringar hjå elevane.

I komande planperiode vil det vere naturleg å sjå på skulestrukturen på grunn av låge elevtal framover. Det er nødvendig å sjå på skulestrukturen ikkje berre på grunn av økonomi, men også på grunn av elven sin rett til å ha eit godt psykososialt miljø. Når det blir fleire små klassetrinn på 3-6 elevar år etter år, kan det vere vanskeleg å finne vener for nokon. Det vil også kunne vere utfordrande å rekruttere lærarar og vikarar. Dette vil vere særleg sårbart der det er tilsett få lærarar i

utgangspunktet og det vil da vere ekstra utfordrande å få til ein tilfredsstillande skulekvardag. Noko som igjen vil gå ut over det psykososiale miljøet til elevane.

## Innvandring og flyktningar

Innvandring kan vere med å snu ein negativ folketalsutvikling, men det er utfordrande å behalde den relativt jamne og forutsigbare busettinga som kommunen har hatt gjennom 20 år. I 2016 var det ekstremt mange flyktninger som kom til Norge, men no har situasjonen snudd. Det kjem stadig færre flyktningar til Noreg og dette skaper problem i kommuneøkonomien. Vågå kommune har vedtak på å busetja 10 flyktningar i året, det er usikkert om kommunen får tilbod om å busetja så mange framover.

Kvalifisering av flyktning/innvandrar slik at dei kjem ut i arbeid er ei felles målsetting for kommunen. Arbeid er av dei viktigaste faktorane for at innbyggjarar med innvandrarbakgrunn skal velje å bli buande i distrikta. Det er eit utfordrande område, da ein ser ein klar samanheng mellom språkferdigheiter og moglegheit for deltaking i arbeidslivet. Arbeidsgjevar stiller ofte krav om og er avhengig av eit visst nivå i språkkunnskap, for å sikre forsvarleg og effektivdrift/produksjon. Vidare er deltaking i arbeidslivet av dei viktigaste arenaer for integrering og læring av det norske språk. Vågå kommune er proaktive med omsyn til mottak/ integrering og for å få flyktningar ut i meiningsfull aktivitet. Vi har gjennom dei tre siste åra vore deltakarar i prosjektet "flyktning som ressurs". Dette prosjektet skal avsluttast i 2019 og inngå i ordinær drift. Integrering er ein kontinuerleg prosess og handlar om positivt samspel mellom innvandrarar, lokalsamfunn og offentleg sektor. Vågå vil som andre kommunar i landet møte demografiske endringar dei neste 10-15 åra, med eit «underskot» av yngre i arbeidsdyktig alder. Det er difor viktig at flyktningar blir sett på som ein viktig arbeidsressurs for kommunen.

## Helse

Vågå kommune er eit Trygt lokalsamfunn og ei trafikksikker kommune, med fokus påførebygging av skader og ulykker. Gjennom ny folkehelselov er kommunen pålagt å drivehelseovervaking, samt følge med på negative og positive faktorar som kan verke inn. Særleg merksame skal vi vera på utviklingstrekk som kan skape eller behalde sosiale helseforskellar.

Satsingsområda i ny folkehelsemelding 2019 er:

- Førebyggje sosial ulikheit barn og unge
- Innvandrarar og funksjonshemma
- Legge til rette for friluftsliv og aktivitet i nærmiljøet
- Førebyggje einsemd, særleg blant eldre og barn og unge

## Eldre

Ettersom det stadig blir fleire eldre i Vågå har kommune starta ei retningsendring med dreiling av ressursar frå institusjon til heimebasert mestring, der det skal drivast helsefremjande og førebyggjande tiltak. Kommunen har vedteke ei ny omsorgstrapp med fokus på mestring og førebyggjande innsats, og med eit meir differensiert butilbod. Tilpassing til ny omsorgstrapp med målsetting om at fleire eldre skal få bu heime lengst mogleg er eit arbeid som kontinuerleg held fram. Arbeidet med helse- og omsorgsprosjektet og framdrifta i prosjektet har teke lengre tid enn det ein har forventa. Samstundes må ein her vere sikker på at dei rette grepene blir gjort, særleg med tanke på dei store investeringskostnadane kommunen må ta. Ein må vere sikker på at investeringane ikkje i stor grad går utover handlingsrommet til kommunen. Samarbeidet med Sel kommune er ein viktig del av omstillingssarbeidet som drivast i dag, og målsettinga bør vere at vi kan unngå unødvendige investeringar i begge kommunane. Det må arbeidast vidare med dette i dei neste åra. Vågå kommune har redusert talet på institusjonsplassar med 20 plassar dei siste 5 åra. Heimetenesta er styrka i denne perioden. Som følgje av samhandlingsreforma og endra befolkningssamansetning så er kommunen avhengig av å organisere tenestetilbodet på andre måtar.

Dei 6 kommunane i Nord-Gudbrandsdalen er frå 2019 ein del av eit Velferdsteknologiprosjektet. Målet er å mobilisere kommunane til å vidareutvikle kompetanse innan digitalisering, gjennomføre utviklingsprosesser for å skape ein felles plattform for gevinstrealisering innan velferdsteknologi og digitalisering. Dette skal vere eit nyskapande prosjekt som skal spele ein viktig rolle i omstillinga til meir bærekraftige kommunar. Universitetsprosjektet skal bidra til å rigge prosjekt som gjer at kommunane i større grad tar i bruk teknologi, blir betre til å samarbeide og utveksle kunnskap på tvers av sektorar, fag og nivå for å fremme innovasjon og gjennomføringsevne med utgangspunkt i innbyggjarane sine behov. Målsettinga er at heile regionen skal gå meir i takt med omsyn til bruk av velferdsteknologi.

Formannskapet i Vågå kommune vedtok 23.01.18 samråystes at det skulle i gang eit arbeid med revidering av bustadsosial handlingsplan. Planperioda skal vera 2019–2022, med rullering annakvart år. Formål med den kommunale bustadpolitiske planen er å få:

- oversikt over bustadbehovet i Vågå kommune
- auka kjennskap og meir effektiv bruk av verkemiddel gjennom Husbanken
- betre ressursutnytting i kommunen
- viktig å få retta opp manglande steg i omsorgstrappa

## Fysisk (in)aktivitet

Lite fysisk aktivitet i kombinasjon med eit usunt kosthald fører på sikt til livsstilssjukdommar i befolkninga. 13 % av ungdomane i Vågå er lite fysisk aktive i 2019, 34 % av 17-åringar i Vågå lir av overvekt eller/og fedme. «Skjermtid» er ein faktor som kan påverke grad av fysisk aktivitet. 25 % av ungdomane har skjermtid over 4 timer per dag.

I Nord-Gudbrandsdal har vi god tilgang til friluftsliv og fysisk aktivitet, likevel aukar andelen med fedme. Dei yngste under 30 år har auka mest sidan 2014. Dei med høgast utdanning har lågast auke, denne gruppa har også færre utfordringar generelt sett enn dei med låg utdanning.

Regelmessig fysisk aktivitet er viktig i alle aldersgrupper og førebyggjer mellom anna muskel-skjelettlidinger og psykiske lidinger, plagar som er ei folkehelseutfordring i Vågå som i landet elles. Tiltak som bidreg til auka kvardagsaktivitet blir anbefalt prioritert. Gang- og sykkelveg langs hovudvegane i Vågå kan bidra til at fleire innbyggjarar blir fysisk aktive, samt legge til rette for fleire merka turstigar. Det er nærmiljøanlegg som bør prioriterast i planarbeid, i nær tilknytning til buplass, barnehage og skule.

Det er viktig å prioritere tiltak i kommunen som kan bidra til at dei som er minst aktive blir meir aktive og opplev glede og mestring gjennom aktivitetane. Frivilligsentralen er eit tilbod som eldre nyttar mykje, og her skjer også ein del fysisk aktivitet for denne gruppa. Det blir difor viktig at same tilbodet blir oppretthalde i framtida. Også den aktiviteten som lag og organisasjonar har for alle innbyggjarar i Vågå er viktig å støtte opp om. Kvar grend og sentrum har i dag gode og velfungerande idrettsanlegg, inkludert turstigar og løyper.

Vågå kommune har eit breitt tilbod om aktivitet for dei fleste innbyggjarar i Vågå, men kan fokusere enda meir i den neste planperioden på aktivitetar for eldre utandørs, sidan dei er ei aukande gruppe også i Vågåsamfunnet.

## Kompetanse

Det er utfordrande for små kommunar å rekruttere og halde på kompetente medarbeidarar. Å vere aktiv i kampen om arbeidskraft vil bli meir og meir viktig. Kommunen må dei neste fire åra arbeide med vidareutvikling av kommunen sin kompetanseplan, slik at den gir betre oversikt over kompetansebehov for dei ulike tenesteområda. Planen vil da kunne vere ein viktig og god reiskap i rekrutteringsarbeidet og i arbeidet med å halde på eksisterande arbeidskraft. Det kostar å rekrutere og det vil som oftast vere ein bedre invistering å oppgradere den arbeidskraften ein har. Midlar/tiltak til fagleg oppdatering og utvikling gjennom kurs og seminar vil vere nødvendig, men det er viktigare at bygge samhald og "sette pris" på eksisterande medarbeidarar. Det er også viktig at kommunen bruker riktig lønnsnivå ut frå kompetanse. Det er viktig at leiinga i kommunen har fokus på dette og at det blir tatt med i arbeidet med kompetanseplan.

## Kultur

Vågåhallen vart bygd i 1991 og er ein fleirbrukshall. Grunnskulen brukar hallen på dagtid. På kveldstid er det i utgangspunktet trening for barn og unge, men med trening for vaksne ved ledig tid. I tillegg er hallen brukt til konserter, større arrangement, konfirmasjon, fest, kokkekamp, messer m.m.

Vågå kulturhus vart bygd i 1961, men med full renovering i 2001. Kulturhuset er brukt til kino, konserter, konferansar, eldretreff, øvingslokal for lokale musikklag, kulturskule, kinoklubb og liknande.

På grunn av mykje bruk vil slitasjen væra deretter. I tida framover må ein derfor rekne med større vedlikehald og det vil da vera i minste laget med ei 100 % stilling som vaktmeister/kulturhusmedarbeider.

Vågå kommune ynskjer å vera ei kultur- og arrangementsbygd. Vågå er derfor heldige som har eit rikt kulturliv, særsla mange aktive lag/foreiningar og mange store og flinke arrangørar av f. eks. Landskappleik, Landsfestival, Traktorrock, Konsertseriar, Folkemusikk treff, Trekkspeltreff, Galleri Ullinsvin samt ei rekke andre større og mindre arrangement. Framover vil det derfor væra viktig at Vågå kommune er med å legg til rette og støttar arrangørar i deira arbeid. Å kunne søkje om arrangementstøtte vil og i framtida vera til stor hjelp. Eit godt samarbeid mellom Vågå kommune v/kulturavdelinga og lokale arrangørar vil gjera at Vågå kommune og i framtida vil stå fram som ei rik kultur- og arrangementsbygd.

Det har vore arbeidd med å få på plass eit galleri i Vågå gjennom 30 år. Gjennom eit godt samarbeid mellom Vågå Historielag, Vågå kommune, Fylkeskommunen og mange friviljuge vart Galleri Ullinsvin ein realitet i 2019. Galleriet vart offisielt opna den 19. september 2019 av kronprinsesse Mette Marit og kronprins Håkon. Galleri Ullinsvin vart eiga AS frå 2020. Målet er at galleriet skal stå på eigne bein, men det må pårekna økonomisk støtte frå Vågå kommune i oppbyggingsfasa dei fyrste åra for å sikre eit økonomisk fundament for stabil drift og kontinuerleg aktivitet.

## Plan


Vågå kommune vedtok kommuneplanens arealdel og samfunnsdel 9. august 2017. Planarbeidet hadde da gått over fleire år og det vart lagt ned eit omfattande arbeid med å få oppdatert det gamle planmaterialet. Vågå kommune hadde tidlegare fire kommunedelplanar som vart erstatta av ein felles arealdel for heile kommunen. Det var lagt opp til ein felles rullering av samfunnsdelen og arealdelen for å sikre at desse dokumenta vart samkøyrd.

I samband med revisjon av kommuneplanens arealdel og samfunnsdel var det stort fokus på stadutvikling og utvikling av Vågåmo sentrum. Det vart mellom anna utarbeidd ein handelsanalyse, *Lokaliseringsutfordringer og – muligheter for handel i Vågåmo, Vista analyse, rapport 2015/44*. Kommunestyret har i sitt vedtak av kommuneplanens arealdel presisert at Vågå kommune skal regulere Brustuguområdet. Dette er følgd opp ved vedtak i kommunestyret 26.10.2017, sak 72/17, med avklaring i forhold til kommunal planstrategi 2016-2020 ved prioritering av reguleringsplanarbeid for Brustuguområdet.

Kommuneplanens arealdel legg rammer for planarbeidet. Arealdelen set krav om samla regulering av byggeområda på Brustuguområdet. Byggeområda omfattar areal som er avsett til formåla bustad (B01, B02), bustad/forretning/kontor (B/FO/K01) næringsområde (N04) og friluftsområde (VF01). Det vart også lista det lista opp fleire kommunale reguleringsplanar som kommunen bør vurdere revisjon av. I 2017 vart det gjennomført statleg skredkartlegging innanfor delar av Vågå kommune. Vågåmo sentrum og Lalm var mellom anna område som vart kartlagt. Kartlegginga viser at store areal som er avsett til byggeformål, eksisterande og framtidig, ikkje har tilfredstilande sikkerheit med omsyn til


naturfare, jf. pbl. § 28-1 og byggtekniskforskrift. NVE – rapport nr. 64 – 2018 viser område som er kartlagt og faresoner.

Rapporten frå NGI viser at store delar av Vågåmo er utsett for jord- og flaumskred som ein følgje av Finna. Dette inneber at store delar av sentrum er vist som fareområde jord- og flaumskred med nominell årleg sannsynlegheit på  $\geq 5000$ . Noko som gjev ei tryggleiksklasse for skred på S3. Klasse 3 omfatte bygg der det til dømes oppheld seg meir enn 25 personar, eller der det er store økonomiske eller samfunnsmessige konsekvensar. Dette vil t.d. vere einebustad i kjede/rekkehus, blokk med meir enn 10 bueiningar. Arbeids- og publikumsbygg;brakkerigg/overnattingstad der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar. Skule, barnehage, sjukeheim og lokal beredskapsinstitusjon. Dette inneber at innanfor store delar av Vågåmo sentrum ikkje er mogleg å etablere verksemder som kjem innanfor tryggleiksklasse S3. NVE vil starte arbeidet med eit moglegheitsstudie i løpet av 2020 for å sjå nærmare på aktuelle løysingar for å beskytte Vågåmo sentrum mot flaum og skred. Det er ikkje tatt stilling til eventuell bistand til gjennomføring av konkrete sikringstiltak, da dette må vurderast nærmere når resultatet frå moglegheitsstudiet føreligg. Inntil resultatet av moglegheitsstudie føreligg er det meste uavklart når det gjeld vidare utvikling av Vågåmo.



Figur 1: Kartutsnitt over Vågåmo, henta frå NVE-rapport nr. 64 – 2018.

Vågå kommune har og ei utfordring med ledige næringstomtar, da det nesten ikkje finst ledige areal. Areal som er avsett som framtidig næringsareal på Kolbotten ligg innanfor faresone for jord- og flomskred og steinsprang.



Figur 2: Kartutsnitt over Lalm, hente frå NVE-rapport nr. 64-2018

Som ein konsekvens av faresonekartlegginga vil det i samband med byggesøknader og reguleringsplanarbeid for område som er råka av ulike faresoner, vere behov for å greie ut kva tiltak som kan gjerast for ivaretaking av tilfredsstillande tryggleik, noko som krev kjøp av tenester.

## Kommunale veger

Vågå kommune har ca. 85 km kommunal veg. VedlikehalDET av dei kommunale vegane er sett bort gjennom anbodskonkurranse. Investeringsbudsjettet vart kutta for 2020, og det må difor prioriterast strengt kva for tiltak og vedlikehald som skal utførast på dei kommunale vegane framover. For å forsøke å spare på utgiftssida blir sommarvedlikehald delt opp til små minikonkurranser som blir lyst ut lokalt. På vinteren må kommunen ut med komplett pakke. Årleg løyving til vedlikehald av vegkroppen som er lågare enn 2,1 mill kr pr. år vil redusere standarden på kommunale veger og det er venta at etterslepet på kommunale veger vil auke.

Vågå kommune vart i 2018 godkjend som trafikksikker kommune og kommunen skal revidere gjeldane trafikktryggleiksplanen i 2021. På Tessand føreligg ein godkjend reguleringsplan for framtidig busstopp, men prosjektet ligg ikkje inne i gjeldane Nasjonal transportplan og handlingsprogram og Statens vegvesen har difor ikkje finansiering til prosjektet per dags dato. Revisjon av Nasjonal transportplan er i gang og arbeidet med handlingsprogrammet startar når Statens vegvesen veit kva for rammer dei får. Trafikktryggleik ved Vågåmo skule i samband med privat skuleskyss har vore eit tema som har fått mykje fokus siste året. Det har oppstått trafikkfarlege situasjonar når borna blir levert ved Vågå trimmen og kulturhuset. Det har vore sett på alternative løysingar og kommunen har søkt om midlar til trafikkskring ved skulen og har fått midlar, men kommunen må vere med å finansiere det. Det er elles ønskje om gatejos ved fleire overgangar i sentrum.

## Vatn- og avløp

Vågå kommune har 6 kommunale vassverk: Tessanden, Vågåmo, Stokstadåsen, Brennsletten, Lalm og Sjårdalen vassverk. Mattilsynet har i 2019 gjennomført tilsyn med vassverka og det var ingen avvik. Vasskvalitet ved dei ulike vassverka syner verdiar godt innanfor krava nær som Skogbygda der det er for høge verdiar med nikkel. Der har vi ein dialog med Mattilsynet for vidare nødvendige tiltak. Vassverket på Lalm har behov for større opp graderingar for å imøtekoma Mattilsynet sine krav. Det er utfordrande å finne tomt til nytt vassverk, da nesten heile Lalm sentrum ligg innanfor faresone for steinspark, jord- og flomskred.

Tiltaksplan for vatn og avlaup for Vågåmo vart vedteken i februar 2018. For at vatn- og avlaupsnettet i Vågåmo ikkje skal forfalle raskare enn det fornyast, må det minimum investerast omlag 34 mill. kroner over ein periode på 10 år. Det fører til eit årleg investeringsbehov på omlag 3,5 mill i Vågå. Investeringane vil ikkje påverka avgiftsnivået vesentleg da andre tidlegare investeringar går ut i løpet av perioda investeringane er planlagt utført. Rehabilitering av Nedre Langskåre og samankopling av leidningsnette mellom Langskåre og Kvernvegen under Finna vart ferdigstilt i 2019 og har gått etter planen. Det er planlagt å setja i gang prosjekt med vatn og avlaup på Skjellum og fortsettelse på voplan Vågå sentrum der Øvre Langskåre står for tur. Det er også sett i gang arbeid med å sjå på utviding av kapasiteten ved slamlaguner på Randsverk.

Vågå kommune har ei stor utfordring med levering av slam. Myrmoen vart stengd frå nyttår og slammet må difor køyrast til Vestnes. Dette fører til att det vært naudsynt å gjennomføra oppgraderingar på reinseanlegget.

## Kommunale bygg

Vågå kommune si bygningsmasse utgjer omlag 34 000 m<sup>2</sup>. Av dette utgjer våre formålsbygg ca. 24 000 m<sup>2</sup>. Revidering av klima-og energiplan og ein bustadsosial handlingsplan vil vera med å gje føringar på nybygg og eksisterande bustadmasse.

Utfordringar med jord- og flaumskred må løysast før byggeprosjekt i sentrum kan realiserast. Utbygging og rehabilitering av Vågåheimen, symjehall og sentrumsnære bustader er avhengig av dette.

Mykje av den kommunale bygningsmassa har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, noko som er- og vil bli ei utfordring i ein trond kommuneøkonomi. Kompetanse innan for eigedomsforvaltning og prioriteringar vil vera viktig framover.

## Næring

Vågå kommune har ein næringskoordinator i 100 % stilling som er attende etter å ha vore utleidt i 80 % stilling i to år. I denne periode har Vågå kommune hatt ei leigeavtale med Skåppå. Det er viktig at kommunen har ein næringskoordinator i full stilling ettersom utbrotet av koronaviruset har skapt

utfrodringar for mange bedrifter i kommunen. Det blir arbeidd med å utvikle ei ytterlegare samarbeidsløysing for næringsarbeid mellom kommunane i Nord Gudbrandsdalen for å skape ein betre rusta og styra fyrstelinje mot næringslivet. Dette er hensiktsmessig både for å nytte spesialkompetanse på tvers av kommunane, for å følje næringslivet sitt behov på tvers av kommunegrensar og for å skape eit fellesskap innanfor næring. Det er viktig at kommunen også tenker på næring og næringsutvikling i alle ledd i organisasjonen og er proaktiv. Det er ikkje berre næringslivet si bestilling som skal ivaretakast, men kommunen som organisasjon. Det vart i fyrste halvår 2019 utarbeidd og utvikla ein tiltaksplan for næringslivet som er tufta på tiltaka i samfunnssdelen i kommuneplanen. Det er viktig at Vågå Kommune klarer å følgje opp og gjennomføre tiltaka, samt å rullere tiltaka årleg for å ha tiltak oppdatert til marknadsutviklinga.

## Reiseliv og natur

Landbruk og reiseliv er to viktig bransjar innanfor næringslivet i Vågå. Aktivitetar mot landbruket, samt BU midlar handterast av Landbrukskontoret. Reiselivet som ein del av næringskoordinatorens ansvarsområde. I tillegg til mange sysselsette innanfor reiselivet i Vågå, gjev reiselivet store ringvirkningar for andre næringar slik som bygg og anlegg, samt varehandel. Trendane tilseier at reiselivet har eit ynskje om å nytte lokale produkt. Vågå Kommune er del av Nasjonalparkriket reiseliv og fekk i 2019 fornya statusen som nasjonalparkkommune. Denne statusen må innarbeidast i heile organisasjonen i neste planperiode ettersom det er eit kriterie for å vere nasjonalparkkommune under merkevaren Norges nasjonalparker. Det blir også jobba mot sertifisering av Besseggen som nasjonturiststi.

## Klima- og miljø

Kommunen kan gjennom si rolle som samfunnsutviklar, tenesteyter, innkjøper, eigar og driftar gjennomføre ein rekke klimatiltak fordi kommunen er pådrivar og tilretteleggjar, eller fordi kommunen kan hindre gjennomføring av tiltak. Dette er omtalt i *Klimakur 2030* og *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging*. Vågå kommune har ein klima- og energiplan frå 2011 og det var lista opp i kommunen sin planstrategi for 2016-2020 at klima- og energiplanen skal reviderast. Dette har ikkje blitt gjennomført på grunn av vakanse i plan- og miljørådgjevarstilling i to år. Behov for planrulling, samt kunnskapsdeling og samarbeid har dei siste åra vore eit ønskje frå fleire av kommunane i Nord-Gudbrandsdalen. Det sitt berre ein person i kvar kommune som er peika ut til å handtere klimasaker, samstundes som denne personen også skal handtere mange andre løpende arbeidsoppgåver og fagfelt. Ut frå arbeidsmengde i kvardagen har ein ikkje tid til å halde seg oppdatert på klima- og energitemaet med omsyn til ny kunnskap og informasjonstilfang, eller gjennomføre ei rulling av klima- og energiplan.

I kommunebilder 2020 har Fylkesmannen i Innlandet presentert eit samandrag av korleis Fylkesmannen oppfattar status og utfordringar på sentrale fagområde i kommunen. Alle kommunane i Nord-Gudbrandsdal har i følgje Fylkesmannen forbetringspotensiale innan kompetanse, kapasitet og kvalitet når det gjeld temaet klima. Det blir vist til at alle kommunane bør få ein meir oppdatert

plan for klima- og energispørsmål med forsterka innsats med klimatiltak. Kommunane i Nord-Gudbrandsdal bør difor samarbeide om å revidere forelda klima- og energiplanar.

Kommunen kan til dømes gjere noko med utslipp frå eigen verksemd gjennom kva for kjøretøy som blir brukt, energiforsyning i bygg og gjennom klimakrav i innkjøp. Det er vidare mykje å hente på god areal- og transportplanlegging.

## Landbruk

Jordbruket i Vågå består i hovudsak av mjølk- og kjøtproduksjon på storfe, kjøtproduksjon på sau. I tillegg er det nokre geitmjølkprodusentar, tamreindrift, ein grisebesetning. Det ein stor potetprodusent og nokre småskalaprodusentar innafor grønt- og bærproduksjon. Det er og nokre småskala foredlingsverksemder innafor matsegmentet. Overnatting og servering finn og stad på nokre gardsbruk.

Ei utfordring for jordbruket er nedskalering av mjølkeproduksjonen p.g.a. av fjerning av Jarlsbergosteksporet og nedgang i mjølkeforbruket. I tillegg kjem krav om lausdrift i mjølkeproduksjon frå 2034. Dette medfører at mange produsentar må gjennom omfattande byggeprosjekt eller avvikle mjølkeproduksjonen.

Ei anna utfordring er knyta til klimagassutslepp frå jordbruket. Jordbruksnæringa skal redusere sine klimagassutslepp med 50 % innan 2030. Klimagassutsleppa i mjølk- og kjøtproduksjon er knyta til utslepp av metan i samband med drøvtygging og ein del utslepp av klimagassar i samband med lagring og spreiling av husdyrgjødsel. Mjølk- og kjøtproduksjonen i Vågå kan auke bruken av utmarksbeite samt høgde grovfôrdelen av fôrrasjonen slik at nettoutslepp av klimagassar frå mjølk- og kjøtproduksjon blir redusert p.g.a. karbonkretsløpet, karbonbinding på beitemark og albedoefekt i utmark. Produksjon av biogass kan og vere med på å redusere utsleppa monaleg. Det er viktig å ha med seg bakteppet om at kjøtproduksjon på grasbaserte råvarer omformar gras og andre vekstar frå inn- og utmark til høgverdig menneskemat. Dette skjer i hovudsak på areal som i liten grad kan nyttast til alternativ matproduksjon.

Skogbruksnæringa har for låg avverking i forhold til tilveksten. Små teigar/eigedommar og bratte lier er medverkande til den låge avverkinga. Tilgjengeleg avverkingskapasitet er og avgrensande for kor mykje som blir hogd. Skogressursane gir også muligheter, i eit samfunn som i stadig større grad etterspør fornybare ressursar utan eller med eit negativt karbonavtrykk. Landbruksplan for Sel og Vågå er under utarbeiding. Beitebruksplan vart utarbeida og godkjent i 2018.

## Samfunnssikkerheit og beredskap

Kommunane utgjer fundamentet i samfunnet sin kriseberedskap ut frå prinsippet om at alle kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Kommunane har beredskapsplikt jf. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret og pliktar å utarbeide risiko- og

sårbarheitsanalyse.

Risiko- og sårbarheitsanalysen kartlegg kva uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurderer sannsynet for at hendingane kan kome til å skje og konsekvensar av desse. Sårbarheit er og eit viktig tema i overordna ROS-analyse. Det skal vurderast førebyggjande tiltak for å hindre at uønskte hendingar skjer og konsekvensreduserande tiltak om / når slike hendingar skjer. Overordna ROS skal ligge som grunnlag for den overordna beredskapsplanen.

Vågå kommune har overordna beredskapsplan som inneheld ei oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønskte hendingar. Beredskapsplanen blir kontinuerleg oppdatert, og kommunen gjennomfører beredskapsøving i tråd med Fylkesmannen sitt oppsett. Ut over dette har vi årlege møte i Beredskapsrådet og i den kommunale kriseleiinga. I Vågå kommune har vi risiko- og sårbarheitsanalysar (interkommunal ROS) og overordna communal beredskapsplan. Både planane er utarbeida i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, men planane er forankra og vedteke lokalt i Vågå. I tillegg til overordna planar, så har vi også planar på dei forskjellige tenesteområda.